

# Møtereferat

**Til:** Regionalt brukarutval (RBU) i Helse Vest

**Deltakarar:** Elisabeth B. Salte, Claus Ingebrigtsen, Pål Berger, Kari Toftøy-Andersen, Grete Knudsen, Linn Bæra, Sven Hove, Oddveig Birkeland, Grete Müller.

**Førfall:** Harald Lindvik

**Møteleiar:** Linn Bæra, leiar

**Møtedato:** 11.11.2015

**Klokkeslett:** 10.00-15.00

**Møtenr:** 9/15

**Møtestad:** Helse Vest, møterom Kjerag 3. etg.

**Arkivref:** -

Saksnr	Emne	Ansvarleg
55/15 Kl 10.00	Godkjenning av protokoll.  Ingen kommentarar.	Linn Bæra
56/15	Godkjenning av innkalling, og melding av eventueltsaker.  Ingen kommentarar til innkalling.  To saker til eventuelt: <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Pål – orientering om brukerkonferanse</li> <li>2. Linn – orientering om kommende familiebegivenhet</li> </ol>	Linn Bæra
57/15	Orientering om deltaking i prosjekt/arbeidsgrupper  Gjennomgang og oppdatering av matrise (oppdatert matrise lagt ved).  Linn Bæra har laga to skjema for rapportering for representasjon i prosjekt/arbeidsgruppe og for deltaking på seminar/konferansar til bruk for RBU sin årlege melding til styret i Helse Vest. Skjema lagt ved. Ein minner her om at det gjeld innsats i 2015, og ikkje arbeid ein har bidrege med tidlegare. (Skjema lagt ved). Om du ikkje ønskjer å skrive elektronisk i skjemaet kan du skrive det ut, eller kontakte sekretær for RBU og be om å få det tilsendt i posten, papirvariant kan du skrive det ut og ta med på neste RBU-møte	Linn Bæra

	<p>Victoria Skretting har via Pål Berger fratrudd sine verv som brukarrepresentant i to prosjektgrupper:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Regionalt prosjekt om fødetryggleik for kvinner i regionen. Linn Bæra går inn i prosjektet</li> <li>2. Traumenettverket i Helse Vest. Else-Berit Ingvaldsen som tidlegare har vore brukarrepresentant her, samt vara-representant for Victoria, går inn i dette nettverket</li> </ol> <p>Sekretær for RBU melder frå om dette til dei respektive gruppeleiarane.</p>	
	<p>Når det gjeld deltaking i prosjektgrupper, kom det følgjande innspel i møtet:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Vanskelig å delta som brukar på telefon- og videomøter då det ofte er oppkoblingsproblemer</li> <li>- Når man deltar i videomøter på telefon er det lett at ein blir «gløymt» då ein som telefon-deltakar ikkje synast på nokon skjerm</li> <li>- Når møte berre går føre seg på telefon er det vanskeleg å delta som brukarrepresentant sidan ein ikkje fysisk treff og blir kjent med dei andre personane i gruppa (som gjerne kjenner kvarandre frå før gjennom arbeidsrelasjonar)</li> <li>- NAV-regel om avkorting i utbetaling av uføretrygd er ufordelaktig for dei brukarrepresentantene dette gjeld.</li> </ul>	
58/15	<p>Orientering frå møtet med Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) i oktober 2015 om oppdragsdokument 2016</p> <p>Linn Bæra og Grete Müller deltok frå RBU, saman med representantar frå dei andre regionale brukarutvala. Dei var noko skuffa over møtet då brev med innspel, som var meldt inn frå interregionalt brukarutvalsmøte i god tid, ikkje var sjekka ut internt i HOD, og difor ikkje kunne svarast ut i møtet. Elles i dette møtet blei det gitt fleire kommentarar frå RBU-representantane som dei håpar tas til følgje i oppdragsdokumentet.</p>	Linn Bæra
59/15	<p>Invitasjonar/orienteringar/brev til brukarutvalet.</p> <p>Førespurnad frå Helse Sør Øst om brukarrepresentantar til nasjonal arbeidsgruppe som skal utforme forslag til program for klinisk behandlingssforskning (e-post om dette sendt til RBU 28. okt. 2015).</p> <p>Det er oppnemnd to brukarrepresentantar frå høvesvis Helse Sør-Øst og Helse Nord til arbeidsgruppa som skal utarbeide forslag til felles retningslinjer for korleis søknadar om forskingsprosjekt skal gjere greie for forventa nytte for pasienten og tenesta. Det var difor eit forslag frå Helse Sør-</p>	Linn Bæra

	<p>Øst om at ein representant frå høvesvis Helse Vest og Helse Midt kunne bli oppnemnd i den nasjonale arbeidsgruppa som skal utforme forslag til eit program for klinisk behandlingforsking, men ingen frå Helse Vest RBU har meldt seg til dette arbeidet. Dette er meldt tilbake til Helse Sør-Øst.</p>	
60/15	<p>Møteplan RBU 2016</p> <p>Oppdatert møteplan lagt ved. Den blir sendt til leiarmøtet i Helse Vest, slik at leiarane kan fordele møta mellom seg.</p> <p>Ein gjer merksam på at det er nokon endringar når det gjeld november- og desembermøta. Dette heng saman med datoar for styremøte i Helse Vest.</p> <p>Det er òg verdt å merke seg at inntil vidare står både fellesmøte med brukarutvala og eit ordinært RBU-møte oppført i juni 2016.</p>	
61/15	<p>KULE-prosjektet – orientering om fase II (presentasjon lagt ved)</p> <p>KULE – ein forkorting for Kurve og legemiddelhandtering. Målet med KULE-prosjektet er å «Tilrettelegge, pilotere og innføre helhetlig kurve- og legemiddellogistikk-løsning for alle foretak i Helse Vest». KULE er ein elektronisk kurve som dekker alle fagområde og disiplinær, og er planlagt innført for somatikk innan utgangen av 2017, og psykiatri innan 2018. Rapportering så langt frå piloteringsmiljøa i Helse Bergen viser at dei som har delteke i testinga opplever direkte nytte av systemet.</p> <p>KULE gir ei god oversikt over alle medisinar, interaksjonar (kominasjonar av medisinar som kan vere skadelege for pasienten) og ansvar, noko som viktig for å ivareta god pasienttryggleik.</p> <p>Piloteiningar er lungeavd. (3 postar), medisinsk avd. (8 postar) og i november er det oppstart i mottaksklinikken. Det er rundt sju hundre aktive brukarar i pilotfasen. KULE er tilgjengeleg for helsepersonell på bærbare datamaskinar (COW – computers on wheels), og Ipad-ar. Det blir ikkje nytta papirskjema, og alle opplysningar førast rett inn på data.</p> <p>Både frå legar og sjukepleiarar er det gjennomgåande positive tilbakemeldingar på funksjonaliteten i KULE-systemet. Noko av grunnen til det er at det vert opplevd som eit intuitivt system, og at det har vore god brukarstøtte i oppstartsfasen, der eigne tilsette med god opplæring har</p>	<p>Sissel Skarsgaard – prosjektleiar KULE</p>

	<p>hjulpe til med å lære opp kollegaer.</p> <p>Passordet til videoen i presentasjonen er KULE.</p>	
62/15	<p>Fellesseminar mellom brukarrepresentantar og forskarar i Bergen den 18. januar 2016.</p> <p>Dette er eit seminar for å kartlegge behov i høve til implementering av retningslinjer for brukarmedverknad i helseforskning i Noreg. Det er ønskjeleg at 4-5 representantar frå kvart brukarutval i regionen deltek her.</p> <p>Frå RBU deltek Linn Bæra, Grete Müller og Pål Berger. Claus Ingebrigtsen og Kari Toftøy-Andersen har sagt dei kan vere aktuelle. Linn Bæra tek også kontakt med vararepresentant som har vore med i forskingsrelaterte grupper/prosjekt, og tek ei avgjerd på endeleg representasjon frå RBU.</p>	Linn Bæra
63/15	<p>Fellesmøte med brukarutvalet i Helse Fonna – orientering.</p> <p>Gjennomgang av utkast til møteplan med brukarutvalet i Helse Fonna. Grete Müller har sendt meg følgjande informasjon om Kystbussen:</p> <p>«Kystbussen er svært grei både for reiser fra Bergen til/ fra Haugesund og Stavanger til/fra Haugesund. Det som er et lite problem er at bussen på disse bussavgangene ikke stopper rett utenfor sykehuset, verken fra Stavanger eller Bergen. I begge tilfellene må folket enten gå fra Flotmyr til sykehuset eller ta drosje det siste stykket, (det tar ca. 15 min. å gå). Grete Müller vil kunne ta med seg tre personar i bil frå Flotmyr til sjukehuset. Det er elles enkelt å ta ein taxi frå Flotmyr.</p> <p>Fra Stavanger /Byterminalen blir avgangen kl. 07.15 med ankomst Flotmyr, Haugesund kl. 9.30. Retur fra Flotmyr kl. 14.25 og ankomst Stavanger kl. 16.30. På returen kan man gå på bussen rett utenfor sykehuset.</p> <p>Fra Bergen/Busstasjonen blir avgangen kl. 06.00 med ankomst Flotmyr, Haugesund kl. 9.25. Retur til Bergen kl. 14.30 og ankomst Bergen kl. 17.45. På returen kan man gå på bussen rett utenfor sykehuset, men da må man avslutte møtet noen minutter før.»</p> <p>Program og møtested for fellesmøtet blir sendt ut omlag ei veke før møtet.</p>	Linn Bæra
64/15	<p>Rutine for oppnevning av brukarrepresentantar til nasjonale og interregionale oppdrag.</p>	Linn Bæra

	Ingen kommentarar til rutinebeskriving og mal. Sekretær for RBU melder tilbake til Helse Sør Øst om dette.	
65/15	<p>Eventueltsaker</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Linn ventar barn, og Grete Müller vil leie fellesmøtet i juni 2016, samt septembermøtet.</li> <li>2. Pål – informerte om brukarkonferansen den 10. november på Folkets Hus i Stavanger. Her var det ulike presentasjonar frå personar med ruserfaring som viste til behandlingsmetodar med ulike fysiske aktivitetar. Det var omlag 250 påmeldte der halvparten var brukarar og resten fagfolk.</li> </ol> <p>Dette kan være til inspirasjon for brukarkonferanse (av, for og med brukarar) i Helse Vest, som erstatning for/supplement til fellessamlinga mellom brukarutvala i Helse Vest.</p>	Linn Bæra

Neste RBU-møte er eit fellesmøte med brukarutvalet i Helse Fonna (Haugesund) den 03.12. 2015.